

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021

Stian Davies, A, sette fram slikt alternativt forslag til pkt. 1:

«1. Vestland fylkeskommune lyser ut ekstra midlar i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, med søknadsfrist 10. oktober 2021. Gjeldande retningslinjer for tilskotsordninga blir nytt. Det blir sett av 13 millionar kr til fordeling i hovudutval for kultur, idrett og integrering, i tråd med fylkestinget sitt vedtak om disponering av mindreutgift 2020. 2 millionar kr vart sett av til ein søknadsordning for umiddelbare vedlikehaldsbehov for kulturbrygg.»

Avrøysting

Davies sitt alternative forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke mot innstillinga pkt. 1, som fekk inga røyster og fall.

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag til pkt. 2 og pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune lyser ut ekstra midlar i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, med søknadsfrist 10. oktober 2021. Gjeldande retningslinjer for tilskotsordninga blir nytt. Det blir sett av 13 millionar kr til fordeling i hovudutval for kultur, idrett og integrering, i tråd med fylkestinget sitt vedtak om disponering av mindreutgift 2020. 2 millionar kr vart sett av til ein søknadsordning for umiddelbare vedlikehaldsbehov for kulturbrygg.

2. Vestland fylkeskommune lyser ut 9,3 millionar kr i tilskotsordning for ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av pandemien med søknadsfrist 10. oktober 2021. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjene for ordninga.

3. Vestland fylkeskommune set av 700 000 kr til styrking av kunstnarstipenda 2021.